



HAUGIANSK FRUKT
SAMSKIPNADEN
GJENNOM 100 ÅR

DET ROSENIANSKE SYNET FESTER SEG

Tormod Myklebust (1840—1898)

Året 1879 førte nye menn fram i leiinga. Samson Stueland og Nils Tvedt hadde bede om ikkje å verta attvalde. Sekretæren og kasseraren, lærar Erik Stueland, døydde i 1878, og difor laut sty-

ret finna seg tre nye menn. Tormod Myklebust, Jørgen Thunold og Endre Haugen vart valde, og det nye styret sette Tormod Myklebust på formannsplassen og Jørgen Thunold til sekretær og kasserar.

«En velsignet tid var nu oprunden for fællesforeningens arbeide,» fortel 50 årsskriftet. «Tormod Myklebust, der var sterkt

grepen av Kristi kjærighet, tok nu fat paa indremissionsarbeidet med liv og lyst. Han virket baade som formand og emissær.»

Tormod kom til å bu mange år i Uskedalen, men han var ikkje fødd der. Barndomsheimen var Torekoven, ein einsleg fjellgard lengst oppe i Oddadalen. Amund Aslaksen Torekoven, far til Tormod, var haugianar. Og han oppseda borna sine strengt etter det haugianske livssynet.

På årsmøtet på Stord 1895 fortalte Tormod om omvendinga si : «... Da Herren vakte mig som ung Mand, begyndte jeg at

kjæmpe alvorligt, men jeg tog Lovens Vei og kjendte ikke Jesus som den, der er given af Gud. Jeg søgte ikke Frelse i Frelseren, men jeg holdt ud (og bad), indtil et forunderligt deiligt Ord hos Profeten Esaias med et gik op for mig og brakte mig Fred, nemlig dette : «Taler venlig til Jerusalem og raaber til det, at dets Strid er fuldendt, at dets Skyld er betalt, og at det har faaet af Herrens Haand dobbelt for alle sine Synder».»¹⁾

Tormod Myklebust (Torekoven) og Knut Myklebust råka einannan fyrste gongen i ei sundagssamling i Uskedalen. Det bar såleis til :

Tormod hadde som vanleg vore ute med fartyet sitt, ein einmastra slupp som folk kalla «Tormod-sluppen». Denne sluppen førte varer til og frå byen.

No var det sundag, og Tormod heldt alltid helg då. Han tørna fartyet på Nordre Skorpevågen og rodde i land. Her møtte han skomakar Helge Feet, og han kunne fortelja at det skulle vera



Tormod Myklebust

samling i Uskedalen. Tormod vart med han dit, og han nyttar høvet til å vitna om Kristus. Knut Myklebust lika vitnemålet hans og bad han med seg heim.

«Du er velkomen att,» sa Knut då Tormod takka for seg.

Og Tormod Torekoven kom att. 12. juli 1874 vart han vigd til Synneva Myklebust, og han tok namnet Tormod Myklebust.

Synneva var jordajente og dotter til Knut og Brita Myklebust. Knut Myklebust (1811—1896) var den åndelege leiaren i Uskedalen den tida. Han var og med i styret for Samskipnaden. Synneva hadde ei syster, Engel, og ho vart gift med Bertel Myklebust, mannen som kom til å leia Samskipnaden etter at Tormod var død. Engel og Bertel fekk den luten av garden som låg nede ved sjøen, og Synneva og Tormod vart buande i tunet. Attåt desse jentene hadde Knut og Brita 12 fosterborn. Det var slike som hadde mist mor si, og dei fleste vart verande på Myklebust til dei fekk eigen heim.²⁾

Tormod Myklebust var ein dugande gardbrukar. Han dyrka ikkje så mykje, men derimot tok han hand om det som Knut hadde brote opp og fekk det til å gje mykje av seg.

Tormod vart og den åndelege leiaren i Uskedalen etter at Knut Myklebust steig til sides. Tormod dreiv sjælesorg mellom dei sjuke, og han forkynte Guds frelsande ord i oppbyggingsmøta. Ein mann kom til han og sa: «Dotter mi legg alvorleg sjuk av lungebetendelse, og ho er ikkje frelst. Du får vera gild og koma.» Tormod gjekk, og den 15 år gamle jenta fekk tru seg frelst. Sjukdomen vende, og livet vart berga, og jenta har levt med Herren sidan den dagen. Tormod hjelpte mange over til Gud, slik i det stille.³⁾

Tormod Myklebust var ein frigjord og glad kristen, sterkt gripen av Kristus. Difor vart han og ein eldfull talar. Utan tvil var det *vitnemålet* om Kristus som opna veg for han inn til hjarto åt dei truande. Dette at Tormod var ein «yndet taler», kom nok til seinare.

I den fyrste tida Tormod var i Uskedalen (ikring 1874), undrast somme på om frelsa kunne vera så fri, vissa så sterke, og livet så ljost som det han bar vitnemål om. Mange av dei gamle truande ottast at Tormod var rosenianar, og rosenianismen og haugerørsla hadde ikkje retteleg funne einannan den tida. Skilnaden på det nye og det gamle var så stor at mange kunne ikkje anna enn stussa.

Tormod heldt fram med vitnemålet om Kristus, både i tale og song. På ei storstemne for Samskipnaden, visstnok på Hatlestrand, song Tormod : «Om nogen mig nu spørge vil om grund til salighed.» Det ser ut til at denne songen greip hjarto og drap noko av tvilen og otten. Dei truande slutta å drøfta Tormod, og dei tok imot vitnemålet hans med takk til Gud.

Medan mange stussa på det Tormod bar fram, var det og somme som fekk ta til seg ordet om fridomen i Kristus. Brita Myklebust, vermor til Tormod, var ei av dei som vart lukkeleg løyst. I mange år hadde ho streva under lova og på «tunge trældomsåket bore». No vart alt nytt, og mang ein gong følgde ho Tormod på større og mindre møte, og ho vitna frihuga om utsloysinga i Kristus Jesus.⁴⁾

Den tida Tormod var formann i Samskipnaden (1879—97), var han emissær og, men ikkje såleis at han reiste heile vinterhalvåret. Det var helst stutte turar, men samanlagt kunne det verta både ein og fleire månader.

Så vidt vi veit, var ikkje Tormod talar på noko årsmøte for Samskipnaden, og det var heller ikkje Samson Stueland. Men Tormod kom med mange gode innlegg i samtalane som dei hadde på årsmøta den tida. Og desse innlegga vitna om at Tormod åtte eit klårt og evangelisk syn.

På Fitjar i 1883 innleidde pastor Thormodsæter til samtale om emnet «Hvad kan Mennesket gjøre for at blive retfærdiggjort ved Troen ?»

Ordstyraren (J. Traasdahl) tala om trina i omvendinga som den bortkomne sonen laut igjennom, før han vart rettferdigjord. Men Myklebust trudde at slik tale lett kunne føra til at folk byrja på ei sjølvlagda omvending eller betring, og sa mellom anna :

«Det er ikke godt at lægge formegen Vægt paa denne Side af Sagen, nemlig om Synderens egen Gjerning for at blive retfærdiggjort. «Kristus har frikjøbt os fra Lovens Forbandelse», jeg er fri. Tager vi enfoldigt mod dette budskab, da faar vi det uden stor Kundskap. Da den syge Kvinde kom til Jesus stansede Blodfloden. Det er Naadens Værk først og sidst. «Ordet er dig nær.» Guds ord virker naar det kommer os nær. Det har en saliggjørende Makt. Naar vi ser at vort Arbeide intet hjälper, og vi saa

gaard til Jesus, som er Veien, Sandheden og Livet, da skal han frigjøre os, og vi skal blive virkelig fri.»⁵⁾

Dette er eit klårt syn på korleis ein skal eigna til seg frelsa. Og det er sagt slik at det er god sjælesorg i det.

På årsmøtet i Førde 1887 hadde styret sett opp tre emne :

- «1. Om frigjørelsen i Kristo.
- 2. Om at Falde fra Naaden.
- 3. Om det paatænkte Vestlandske Indremisjons-Selskab.»

Tormod sa i samband med det fyrste emnet :

I Romarbrevet kap. 7 talar Paulus om kva tilhøve ei gift kvinne står i så lenge mannen hennar lever, og om skilnaden, dersom mannen døyr. Med den fyrste mannen (v. 3) tenkjer Paulus på lova. Og frå lova lyt ein døy, før ein kan bindast til den andre mannen, som her er Kristus.

«Ofte er Sjælen desverre tilbøyelig til at have to Mænd. Saa forferdeligt som dette er i legemlig Henseende, saa er det tusinde Gange forfærdeligere i aandelig Henseende. Vi skal altsaa ikke have Loven i Samvittigheden, naar vi er forenede med Kristus; den skal blot være os en Rettesnor for vort Liv. Og da bringer Loven en gavnlig Erkjendelse om, hvor Gudsbarne staar tilbage i at leve for sin Jesus.»

Det at lova «døder og dræber os» og driv oss til Kristus, er nettopp embetet hennar. Og når vi har røynt lova såleis, er ordet om Jesus kjærkome. «La Gud dømme dig til Helvede med Alt dit, men giv ham ogsaa Ret, naar han taler om Jesus som alle Fortabtes Frelser.»

Så lenge eit menneske ikkje er død frå lova, kan det heller ikkje bera frukt for Gud.

«Dette er ikke en Prædiken, som stemmer med Fornuften; heller ikke for Kjødets Frihed. Vil vi vende det dertil, saa har vi strax Loven paa Kjødet og det med rette. Den rette Frigjørelse er netop Kjødets Dødelse. Ligesaa er Aandens Dødelse eller Udslukkelse Kjødets Frigjørelse. At kaste sig saaledes uforbeholden paa Kristus, anser man at være formasteligt; thi man er saa styg, synes man. Saalenge man ligger under Loven, opvækker den Synden og det blir kun værre. Først maa Retfærdiggjørelsen foregaa med mennesket, saa Helliggjørelsen. Naar man er frigjort,

blir man glad over den overvættet Naade. Man er da ikke længer Kjødets Skyldner, at man skal leve derefter. Lad os ikke stole paa, at vi engang er frigjorte, men blive stadig i den Frihed, hvortil Kristus kjøbte os, og leve i ham, ham til Ære og Pris, som kjøbte os paa Golgatas Kors, vor Sjæl til Frelse og Salighed. Ved Frigjørelsen faar man Villie til at leve for Herren, om dette end maatte gaa igjennem Trængsler, ja og villige til at dø med ham og prise vor Frelsers store Naade over alle Ting.»⁶⁾

Samanliknar vi dette med det vi gav att frå haugianarbrevet Samson Stueland skreiv, finn vi samsvar mellom nokre av grunn-tankane. Men synet er så mykje klårare hjå Tormod, og det evangeliske Ijoset skin bjartare.

I 1891 hadde indremisjonsvenene for seg spørsmålet « Hvad er Aarsagen til, at Forkyndelsen af Guds ord ofte synes at øve saa liden Virkning i vore Dage? » Pastor R. Gjerlov innleidde, og i samtalens sa Tormod Myklebust mellom anna :

«Ordet har forliden Virkning, naar det ikke faar omvende Sjælene fra Mørket til Lyset, fra Satans Magt til Gud.»

«Aarsagen til Guds Ords ringe Virkning er ogsaa en daarlig Forkyndelse. Man kan til den aandelige døde tale Formanings-ord og blande Lov og Evangelium sammen. Der kan tales meget om Loven og dens Gjerning uden at Loven tales saa, at den virker Syndens erkjendelse. Evangelium kan ogsaa forkynnes saaledes, at den bedrøvede Synder ikke kan faa det Indtryk : «det gælder mig».»⁷⁾

Tormod Myklebust vart ingen gammal mann, berre bort imot 58 år. T. Thunold skriv i årsmeldinga for 1897—98 :

«Men paa den anden Side er det med dybt Vemod, vi afslutter denne Beretning, idet Tabet og Savnet af vor kjære Formand, Tormod A. Myklebust, vil lægge sig knugende indover os. I de 19 Aar, han har staaet som Formand, har han ikke været savnet paa noget Aarsmøde, og det kan derfor lætttere tænkes end beskrives, at det vil falde os tungt at mødes med Vennerne nu, naar denne saa kjendte og kjære Røst er forstummet.»

Tormod Myklebust var sterkt nedbroten av nervegikt. Både ein og fleire lækjarar prøvde til fånyttes å hjelpe han. Smertene hadde vore store, og livskreftene var øydde. Den 9. juni 1898 tok Herren Tormod til seg.

I gravferda møtte det uvanleg mykje folk, somme kom lang-

vegs ifrå. J. Thunold tala i heimen over Johs. 13, 7 og pastor G. Dahle ved grava. Teksten var : «Thi for mig er at leve Kristus og at dø er en Vinding.»

Etter gravferda samlast nokre vener til ei oppbyggingsstund i heimen. Dei knytte vitnemåla sine til dette ordet : «Frels, Herre ! Thi de Fromme er borte, de Trofaste er forsvundne blandt Menneskens Børn».

På årsmøtet i 1898 sa J. Traasdahl : «Jeg føler Trang til at fæste Forsamlingens Opmærksomhed ved, hvad vi har mistet i vor kjære afdøde Formand, Tormod Myklebust. Han var en trofast, varmhjertet og frimodig Kristen med klart Syn og stor Indsigt i Evangeliets Hemmeligheder tillige med en klar Fremstillingsevne af de guddommelige Sandheder. Disse Naadegaver var dog ofte skjulte for ham selv; men naar han optraadte, saa følte vi, at Herrens Aand var over ham, og at det var til Velsignelse. Og saadan som han var i sitt Liv, fik han ogsaa være i sin Død. Han bar sine Trængsler med Tro og Taalmodighed til det sidste. «Kommer eders Veiledere ihu, som har forkynnt eder Guds Ord, og naar I betragte Udgangen af deres Vandring, da efterfølger deres Tro !» (Hebr. 13, 7). Maatte vi aldrig mangle saadanne Mænd paa Formandspladsen !»

Helge H. Feet (1879—1948)

Helge H. Feet var fødd i Uskedalen i 1879. Faren, skomakar Helge J. Feet, kom frå Ripel i Omvikdalen og fekk ta over heimen til Berge Fedt i Uskedalen.

Berge Fedt var ein ekte haugianar, og han var med i fyrste styret for Samskipnaden. Berge må ha hatt givnad til å setja seg inn i kristne lærespørsmål, for dei truande rekna han for litt av ein teolog. Og dei heldt mykje av han.



Helge H. Feet

Helge Helgeson Feet fekk stor kristenarv med seg heimanfrå. I barndomsheimen var Gudsordet like visst som det daglege brødet. Og Berge hadde innverkanad på Helge, både beinveges og omveges. Berge vart verande i heimen all sin dag, og Helge kalla han for «besten». Berge var barneven, men streng i synet på oppsedinga. Han fortalte mykje, og få kunne fortelja så levande frå Bibelen som nett-opp han.

Av di far til Helge var skomakar, gjekk det mykje folk inn og ut i heimen. Her kunne dei få vølt skorne sine, og her kunne dei få hjelp i livsens vandaste spørsmål. Dei åndelege samtalane mellom bygdefolket, faren og gamle Berge, merkte unge Helge for heile livet. Det er fortalt at når Helge Helgeson kom med i eit lag, vart det aldri tomt prat. Helge H. Feet hadde eit klårt og avgjort kristensyn. Mykje hjelp og rettleiing hadde han fått beinveges hjå Berge. Men like mykje, eller kanskje endå meir, fekk han hjå far sin. Her kjem og Berge Fedt inn i biletet, for tidegare var Berge sjelesyrgjar og åndeleg rådgjevar for far til Helge Helgeson. Faren, Helge J. Feet, var og med i styret for Samskipnaden, og han var ein av dei næreste venene og medarbeidarane til Tormod Myklebust.

Helge H. Feet kom til medvite liv i Gud om lag 17 år gammal,

og han gjekk hugheilt saman med den truande flokken, både i venesamværet og i indremisjonsarbeidet.

I 1903 vart Helge H. Feet gift med Cecilie Grov frå Stord, og dei busette seg der. Helge hadde vore i teneste på Stord nokre år tidlegare, men no tok han til med eiga forretning. I fyrstninga handla han med kol, støypegods, og murarvarer. Seinare kjøpte han hus i hovudgata og tok til med jarnvarehandel.

Fra hundreårsskiftet og fram til 1923, var Helge H. Feet ein mykje aktiv mann på Stord. Han var med i kommunalt styre og stell, med i bankstyret, kjøpmannslag, og var dessutan disponent for ein verkstad som laga dører og glas. Helge fann seg vel til rettes i indremisjonen og i kyrkja. Både emissærar og prestar var velkomne i heimen hans. Og mange indremisjonsvener som reiste til Stord, tok inn hjå Helge.

Helge H. Feet var emissær i Samskipnaden frå 1903—1910. I 1910 kom han inn i styret og stod til i 1923. Frå 1918—1923 var han formann. Det var gode arbeidsår den tida Helge H. Feet leidde Samskipnaden. Særleg var 1920 og 1921 rike vekkingsår. I ei melding frå ei bygd heiter det :

«Aldrig har jeg skrevet til dig med slik glæde og frelsesfryd som idag. Her sker undere i disse dage. Herren er paa en forunderlig maate nær. Daglig lægges flere til menigheten. Priset være Gud. Og det som er det aller største, er at det er mest av mænd i sin beste alder. Ja ogsaa unge og gamle, indtil 80 aaringer, vidner nu paa vore møter, at de har staat kaldet imot, men nu priser de Jesus for frelsen fuld og fri. Ja, det er ubegripelig hvor god Gud er. Vær med og pris ham. Ja her sker undere. De bekjender nu overtrædelserne for hverandre, og folk som ikke har kunnet møte for uenighet, ber hinanden om tilgivelse. Ja vår store Gud gjør store undere. Med glæde ser vi dem hver dag.»¹⁾

I 1924 tok Helge H. Feet imot kall til å verta reisesekretær for Det Norske Misjonsselskap i Romsdal krins, med bustad i Molde. Helge H. Feet reiste i denne krinsen til i fyrste luten av 1930-åra. Då sa han opp stillinga. Reiselivet tok for sterkt på helsa.

Helge H. Feet flytte attende til Stord og byrja med ny forretning. No selde han skor og herreklede. På Stord kom Helge i lag med dei gamle venene sine i bedehuset og i kyrkja, og han fann seg vel til rettes. Dei siste åra var Helge noko veikhelsa. Han døydde i 1948.²⁾

Etter Erik Stueland kom

Jørgen Thunold (1852—1927)

J. Thunold vart fødd i Oppstryn i Nordfjord 1852. I 1876 gjekk han ut frå Stord seminar, og same året fekk han lærarpost i Uskedalen. Her vart han verande all si tid.

J. Thunold kom inn i styret for Samskipnaden i 1879, og han vart vald til sekretær og kasserar. Thunold tok imot dette attått-

yrke, men ikkje utan vilkår : «Da han var ung som kristen og uerfaren, overtok han arbeidet med det forbehold at gaardbr. Endre Haugen fra Aakrefjorden, der blev valgt til næstformand, skulde være ham behjelpeig med det skriftlige arbeidet. Det første aar skrev ogsaa Haugen den indledende betragtning i aarsberetningen, likesom sekretæren altid har hat ham i kjærlig erindring for de raad og vink, som han fik av ham gjennem aarene med hensyn til det skriftlige arbeide.»³⁾

Jørgen Thunold

Tormod Myklebust tok mykje

av skrivar-arbeidet i si formannstid. Men etter at Bertel Myklebust vart formann (1898), hadde Thunold alt sekretærarbeidet åleine, heilt fram til 1927.

I 48 år var J. Thunold sekretær og kasserar. Heile denne tida levde han ihuga med i arbeidet åt Samskipnaden. Thunold var aldri talar eller ordstyrar på noko årsmøte. Lite var han med i dei aktuelle samtalane og. Thunold var framom alt den trugne tenaren som gjorde arbeidet sitt i det stille. Likevel kjende indremisjonsvenene godt til Thunold. På kvart årsmøte las han «aarsberetningen», og etter 1920 byrja «beretningen» alltid såleis :

«Atter er et aar henrundet siden vi var samlet til fest i anledning vor indremission.» Dei gamle i dag minnest nok denne kjen-

ningsmelodien. Elles var Thunold godt kjend gjennom brevbytte han hadde med indremisjonsleiarane i bygdene.

Medan Bertel Myklebust var formann, er det ikkje lett å seia noko visst om kven som styrte mest. Bertel Myklebust og Thunold var så like i syn, og drog så godt i lag i arbeidet at dei lyt mest jamstillast. Det er sagt om Bertel og Thunold at «det var Gamlemisjonen og indremisjonen med dei to.»⁴⁾

I nattverdstriden stod Bertel Myklebust og J. Thunold saman. Dei var det som stridde hardast imot fri nattverd. I synet på Det Vestlandske Indremisjonsforbund var kan henda Thunold endå meir ottefull enn Bertel. Det gjeld i alle høve den tida spørsmålet om ei indremisjonssamling på Vestlandet var framme. På årsmøtet i 1898 sa Thunold at det hadde «gaaet saadan opp og ned» i tankane hans. Han ville åtvara sterkt mot at ein laga kløyving, mot «at rive sundt».

«Hvad vi ved er dette, at Mænd, vi har udsendt som Ordets Forkyndere, har været til Velsignelse. Lad os endelig holde sammen. Selv de saakaldte Støtteforeninger gjælder det om at gaa forsiktig tilværks med. De kan splitte. Jeg vil tale aabent.»⁵⁾

Korkje Bertel Myklebust eller J. Thunold hadde hug til å nytta emissærar frå Forbundet. Dei tykte at det var noko «amerikansk» over arbeidet der. Og så fall det dyrare å få arbeidarane frå Forbundet. Det før for mykje av dei pengane til Bergen som ein så sårt trong til å driva indremisjon med i Samskipnaden, tykte dei. Og her tenkte dei ikkje berre på emissærane som ein eventuelt skulle leiga, men og på kollektane Forbundet fekk ved det sjølvstendige arbeidet det dreiv på sentrale stader i Samskipnaden.⁶⁾

Det å spa var Thunold godt kjend med frå oppveksten. Det hadde lote til då, og det laut til framleis, meinte han. Det er fortalt at han sende ikkje årsmeldingane i posten, men gjekk om bord i rutebåtane og fekk styrmennene til å bera årsmeldingane på land på dei ymse stoppestadene. Styrmennene vart så vane med dette at dei rekna med årsmeldingane kvart år.

J. Thunold fekk ikkje mykje for sekretær- og kasserararbeidet sitt. Det byrja med kr. 50,— for året. I 1887 vart honoraret sett opp til kr. 100,—, i 1905 til kr. 200,— og i 1917 til kr. 300,—.⁷⁾

Emissærane sette Thunold høgt. Han var så god å koma til. Ja, han var beint fram sjelesørgjar for mange av dei.⁸⁾

J. Thunold var brennande i ånda og ihuga i tenesta. Og vi

tykkjer at den bøna han bad på årsmøtet i 1891, vitnar om eit sant og varmt bøneliv :

«Evige og usforanderlige Gud ! Vi love, takke og prise dig for hver en arm Synder, du har faaet indhøste og bevare i dit Naaderige og saa siden hente hjem til dig i din Himmel. Tak og Lov ogsaa for hver en Sjel, du i det siste Aar har kaldt hjem til dig. Velsign fremdeles dit indhøstningsarbeide ! Vær med din Aand tilstede hos enhver af dine Arbeidere og la din Gjerning lykkes. Vi frembære ogsaa den indre Mission for dit Ansigt og skue op til dig, hvorfra vi forvente Hjælp. O, velsign den fremdeles ! Udgyd din Aand i rigt Maal over enhver enkelt og opflam os til mere Nidkjærhed i Arbeidet for dit Rige. Hold Forargelsen borte og foren enhver, som bekjender dit Navn, udi et Sind i Kristo Jesus. Velsign og det forestaaende Aarsmøde. Lad det Ord, som udsaaes, virke til mange Frelse og dit Navns Forherligelse. Hør os for Jesu Lidelse og Døds Skyld ! Amen.»⁹⁾

J. Thunold var ein dugande lærar, og han byrja og slutta alltid skuledagen med salmevers og fri bøn. Kristendomsundervisninga var store og rike timar for han.

Thunold gjekk hugheilt inn for fråhaldsarbeidet. Han interessererte seg for fruktplanting og «poting». Han dreiv og ein liten planteskule.¹⁰⁾

29. oktober 1927 døydd Jørgen Thunold. Han vart gravlagd på kyrkjegarden i Uskedalen.

Den nye sekretären og kasseraren etter Thunold vart